



Statens vegvesen

Kristoffer Hagenes
Kolåshøyen 8
5135 FLAKTVEIT

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region vest	Tone Bøyum / 55516792	16/117072-6		11.11.2016

Uttale – Utvida bruk av avkøyrslø – Bruksendring – Fv. 565 – Gnr. 66 bnr. 1 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 6. september 2016, med søknad om utvida bruk av avkøyrslø på Brattaule, gnr. 66 bnr. 1 i Radøy kommune. Statens vegvesen var på synfaring 19. oktober 2016

Kva saka gjeld:

Det er i dag eit våningshus på eigeiomen. Vi har tidlegare handsama fleire søknader etter veglova på eigeiomen. I 2007 vart det søkt om utvida bruk av avkøyrslø, med føremål å etablere selskapslokale i løa. I samband med dette vart avkøyrslø utbetra, og Statens vegvesen gav løyve til utvida bruk i vedtak av 16. mai 2008, *snr. 2007/136861-3*.

Du opplyser at det no er ynskje om å innreie løa på bruket til tre bueiningar. Planen er at dei skal nyttast som omsorgsbustader i samband med «Inn på Tunet» tiltak. Du ynskjer samstundes å vidareføre selskapslokalet som allereie er godkjent, men opplyser at dette skal flyttast ut av løa og inn i såkalla partytelt. Her kan det arrangerast selskap for inn til 100 personar.

I samband med dette vert det søkt om utvida bruk av avkøyrslø, *vår referanse FV 565 hp 3 km 0,752*.

I følgje arealdelen av kommuneplan for Radøy er området avsett til landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF). Statens vegvesen vurderer at bruken det er søkt om ikkje er i samsvar med arealføremålet

Det er Radøy kommune som rett planmynde og avgjer om søknaden er i samsvar med arealbruken og eventuelt gjer løyve til dispensasjon frå godkjent plan. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker. I denne saka gjev vi ei uttale som skal leggest ved til din søknad om tiltak:

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygår dsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Uttale til søknad om tiltak etter plan- og bygningslova:

Tekniske opplysningar:

Avkøyrsla ligg langs fv. 565, på austsida av vegen. Fartsgrensa på staden er 60 km/t og ÅDT (årsdøgertrafikk) er 1500. Vegbana er relativt smal og målt til om lag 6 meter på staden. Det er kantstopp for buss på både sider av vegen ved avkøyrlepunktet. Vegstrekninga er klassifisert til haldningsklasse 2 jamfør «Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 – 2016)». Det vil mellom anna seie at vegen har ein viktig hovudfunksjon i det overordna vegnettet. Haldningsklassa er førande for korleis vi handsamar saka:

- *Talet på avkøyrslar til vegane må vere svært avgrensa. Dette gjeld òg for driftsavkøyrslar.*
- *Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar bør avgrensast. Godkjenning kan vurderast der avkøyrsla blir nytta av fleire*
- *Det vert vanlegvis ikkje gjeve dispensasjon utan at det føreligg ein reguleringsplan*

Vurdering:


I 2008 vart det gjeve eit løyve til utvida bruk. Krava som vart sett den gong var at frisktuka skulle vere 4m x 70m, der 4 meter er målt inn frå vegkant inn i avkøyrsla og 70 meter sikt i kvar retning. Vidare skal det ikkje vere sikthindrande element over 0,5 meter i planet mellom avkøyrsla og fylkesvegen (den gang riksveg). Krav til svingradius var 4 meter, og at avkøyrsla skulle vere 4 meter på det smalaste.

Når det vert søkt om endra eller utvida bruk av ei avkøyrslar må vi legge dagens krav til grunn, uavhengig av om bruken av avkøyrsla aukar eller minkar. Det er planlagt ny fv. 565 i området, som vert lagt i ein annan trase på denne strekninga. Vi må likevel legge dagens forhold og haldningsklasse til grunn når vi handsamar søknaden.

Eit absolutt krav vi stiller til nye avkøyrslar, eller ved utvida bruk av eksisterande avkøyrslar, er at det skal vere tilstrekkeleg sikt i avkøyrsla. Sikta i avkøyrsla var dels gjengrodd av vegetasjon, og det var oppført eit postkassestativ i frisktukona. Dette vil vere enkle tiltak å rette opp, og bør utførast omgåande. Dette inneber at alle sikthindringar (vegetasjon, terreng, postkassestativ mm) over 0,5 meter i planet mellom avkøyrsla og fv. 565 må fjernast.

Svingradiusen i avkøyrsla var ikkje tilfredstillande. Til personbilar er det krav om ein radius på 4 meter. Dersom det er tale om at større køyretøy skal nytte avkøyrsla må radius auke til 9 meter. Å stette kravet til svingradius er viktig slik at ein får eit ønska køyremønster og ein fartsreduksjon i avkøyrsla. Dette betyr i alle høve at avkøyrsla og mogleg også at veggrunnen i avkøyrsla må utvidast dersom ein skal gje løyve til utvida bruk. Dette vil vere eit større tiltak sett ut i frå dei topografiske tilhøva på staden. Svingradius skal markerast tydelig med grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Til høgre i avkøyrsla av svingradius markert med større steinar. Til venstre i avkøyrsla var det ikkje markert

svingradius. Sjølve avkøyrseispunktet vert difor utflytande og vart målt til 14 meter. Vi vil setje krav til at avkøyringspunktet må snevrast inn.



Illustrasjon: Svingradius med høvesvis $r=4\text{m}$ (dagens krav) og $r=9\text{m}$ (krav ved større køyretøy)

I søknaden vert det argumentert at dei nye bueingane skal nyttast av eldre, som ikkje disponerer eigen bil. Dette momentet kan vi ikkje legge vekt på. Vi kan ikkje styre kven som nyttar seg av bueingane, korkje på kort eller lang sikt. Tiltaket vil i seg sjølv medføre auka bruk av avkøyrsla, både ved besøk, varelevering og anna.

Konklusjon:

Når det vert søkt om utvida eller endra bruk av ei avkøyrsla vil Statens vegvesen krevje at avkøyrsla stettar dagens krav. Det er fleire punkt i avkøyrsla som må rettast opp dersom det vert aktuelt å gje løyve til omsøkte tiltak. Kva krav vi skal setje avhenger av antal brukarar og kva type køyretøy som skal nytte avkøyrsla. Vi har synleggjort at avkøyrsla treng omfattande utbetringar dersom større køyretøy skal nytte avkøyrsla.

Det ligg føre eit avkøyrsløyve etter veglova for dagens bruk. I samband med synfaringa registrerte vi at avkøyrsla i dag ikkje er i samsvar med dei krav som vart sett i 2008. Vi minner om at brukar og eigar av eigedomen er ansvarleg for vedlikehaldet av avkøyrsla til eigedomen og har plikt til å halde avkøyrsla i samsvar med løyve som er gjeve, jf. veglova § 43.

Vidare saksgang for handsaming av saka etter veglova:

Statens vegvesen utsetter vidare handsaming av søknad om utvida bruk til det eventuelt føreligg ei godkjenning frå Radøy kommune om å byggje ut fleire bueiningar på eigedomen.

Dette brevet må leggest ved til søknad om tiltak etter plan- og bygningslova til Radøy kommune. Statens vegvesen ber om å få kommunen sitt vedtak sendt over til klagevurdering.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER